



Fjord kommune

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Rådhus Valldal
Dato: 26.03.2026
Tid: Kl. 17:00 - 19:55

Medlemmer:	Parti
Jens Einar Aklestad	AP
Espen Heitmann	Frp
Ester Reidun Vinje Nilsen	H
Jan Are Remme	H
Terese Jemtegård Moen	Sp
Dagrun Agnes Vikesland	SV

Forfall:	Parti
Lars Kristian Øvrebust	Sp

Vara:	Parti
Håkon Myklebust	Sp

Frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektør Bjørn Inge Ruset
Kommunalsjef Oppvekst og kultur Mariann R. Birkhol
Kommunalsjef Teknisk Freddy Hanssen
Kommunalsjef Helse, omsorg og velferd Sindre Søvik Erstad
Økonomisjef Dag Olav Tennfjord
Fagleiar rekneskap Kari Slettebak
Seniorrådgivar økonomi Arne Krohn
Personalsjef Marius Moe
Sekretær Alexander Oudijk

Andre som møtte:

Styreleiar i Valldal Fjernvarme AS Leif Rune Vinje

Terese Jemtegård Moen
ordfører

Alexander Oudijk
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
013/26	Godkjenning av møtebok
014/26	Eigarskapsmelding Fjord kommune - revidert feb. 2026
015/26	Fjordhagen AS - Tilbod om kjøp av aksjer
016/26	Salsløyve for alkoholhaldig drikk frå 16.april 2026 - Storås Handel Norddal AS
017/26	Behandling av klage - Avslag på søknad om dispensasjon - gbnr.6/10 - Haggardshjellen 39
018/26	Orienteringssaker
019/26	Referatsaker

Merknad til innkalling:

- Vedlegg 'Vedtak formannskapet høst 2025' tilhøyrande sak 018/26 - Orienteringssaker vart ettersendt på e-post onsdag 25.03.

Ingen merknader til sakliste.

Orientering Valldal Fjernvarme AS:

Møtet starta med ei orientering frå Valldal Fjernvarme AS v/ styreleiar Leif Rune Vinje.

Før orienteringa starta varsla kommunedirektøren om sin inhabilitet jf. Fvl. §6 1. og 2. ledd. Dette fordi han har aksjar i Valldal Grønt som er deleigar i Valldal fjernvarme. Kommunedirektøren gjekk frå møte, og assisterande kommunedirektør Marius A. Moe tok sete i staden for ham.

Deretter vart det røysta over om møtet skulle lukkast under orienteringa.

Samrøystes for å lukke møtet jf. Offl. §23, 4. ledd.

Orienteringar frå ordføraren:

- **Storfjordsambandet AS:** Ordførar har delteke i ekstraordinær GF 24.03.26. Bakgrunnen for innkallinga var selskapet si økonomiske stilling og styret si vurdering etter aksjelova § 3-5 om handleplikt.
 - Stranda kommunestyre gjorde 25.02.26 i sak om konseptvalutgreiing Storfjordsambandet vedtak om at dei ikkje kunne støtte trasealternativ B på grunn av manglande seglingshøgde for framtidas cruisebåtar. Med dette vedtaket er det ikkje semje om traseval. Dette har ført til at dagleg leiar Øyvind M. Olsen har trekt seg frå stillinga si, og han har uttala til Nyss at dette ikkje berre set arbeidet på pause, men legg prosjektet dødt. Dette fordi ein er avhengig av å ha eit omforeint traseval for å komme vidare til KS1 (kvalitetssikring av konseptvalget).
 - Generalforsamlinga skulle ta stilling til vidare drift av selskapet ved nødvendig kapitaltilførsel, eller oppløysing og avvikling i samsvar med aksjelova kapittel 16. For vidare drift er det estimert behov for samla kapitaltilførsel på minimum 250 000 kroner for å sikre forsvarleg drift, dekke kjende forpliktingar og avslutte rekneskapen for 2025.
 - Ordførar gav signal om at det i denne situasjonen ikkje er naturleg at Fjord kommune støttar selskapet med ny kapital før hovudinteressentane (Sykkylven og Stranda) evt.

finn eit nytt, omforeina trasè-val. Vedtaket i ekstraordinær generalforsamling vart vidareføring av drift gjennom kapitalforhøging, og Sykkylven gjekk inn med auka aksjekapital og eit lån til selskapet.

- I praksis vert då selskapet eit sovande selskap inntil Stranda og Sykkylven kommunar klarar å einast om traseval.
- **Museumsorganisering på Sunnmøre:** Musea som ikkje er med i VITI (mellom anna Storfjordens Venner) har tatt initiativ til å etablere Sunnmørsmusea AS, og har invitert alle vertskommunane til medeigarskap som aksjonærar. Fjord kommune har behov for å ha eit koordinerande møte med ordførarar og kommunedirektørar i dei andre vertskommunane før denne saka vert lagt fram til politisk behandling i Fjord kommune.
- **Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal:** Det har vore eigarmøte, men ordførar hadde ikkje høve til å møte. Har orientert seg med leiar av representantskapet i etterkant. I neste representantskapsmøte vert det lagt fram utlysing av leigebehov på lokale til interkommunalt arkiv som tek utgangspunkt i ei mest mogleg nøktern vurdering av behov og rammer.
- Kompetanse- og næringsutvalet har løyvd midlar, 750 000 kr til mulegheitsstudie for Eidsdal og Stordal. Oppdraget lyst ut på anbod, og arbeidet kan starte opp i midten av mai.
- Fjord kommune har fått to millionar kr til kunst i offentleg rom gjennom prosjektet Kunstlandskap MIDT. Gåva er ikkje berre eit kunstverk, men også ein prosess der kvar kommune skal jobbe med verdiane som ligg til grunn for Nasjonaljubileet 2030: fellesskap, verdier, identitet, arv og fornying. Verdiane skal diskuterast og forankrast lokalt og danne rammene for kunstverket. Prosjekt Valldal 2029 er også ein del av denne prosessen. Det vil bli ein eigen prosess knytt til prosjektet og denne vil starte opp i løpet av våren, i samarbeid med Sparebankstiftelsen SMN og Trøndelag senter for samtidskunst.

Orienteringar frå kommunedirektøren:

- Utfordringar i Arena Overøye i forhold til likviditet
- Endringar innan omsorgstenesteorganisering v/ kommunalsjef helse, omsorg og velferd Sindre Sjøvik Erstad
Presentasjon vert ettersendt formannskapet.
- Komande større kostnadsauke knytt til einskildtiltak innan omsorgstenestene

013/26: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Formannskapet 26.03.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 013/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

014/26: Eigarskapsmelding Fjord kommune - revidert feb. 2026

Kommunedirektøren si innstilling

Den reviderte eigarskapsmeldinga vert godkjent

Formannskapet 26.03.2026:

Behandling:

Endring og tilføyning , foreslått av Dagrun Agnes Vikesland, Sosialistisk venstreparti

Den reviderte eigarskapsmeldinga blir godkjent med følgjande endring og tilføyningar:

Tilføyning s. 9, pkt. 1, ny setning 3:

Valnemnda har dermed ei avgjerande rolle i utøvinga av Fjord kommune sin eigarskapspolitikk som partia må ta omsyn til ved utnemning av medlemmar til valnemnda.

Endring s. 10: Administrativt vertskommunesamarbeid §28. Endre frå Ålesund og Fjord PPT til Stranda og Fjord PPT.

Tilføyning s. 21: Muritunet AS, nytt avsnitt 2:

Dei største eigarane hadde tidlegare eigne representantar i Muritunet sitt styre. Dette vart endra gjennom ei vedtektsendring for nokre år sidan. Dei tre største eigarane har no kvar sin representant i valkomiteen for Muritunet. Fjord kommune sin representant blir utnemnd av ordføraren. Gjennom denne representanten har kommunen direkte påverknad på styret si samansetning og indirekte påverknad på retninga i selskapet, og representanten i valkomiteen arbeider i nær dialog med ordføraren.

Saka vart drøfta.

Formannskapet er samde om at eigarskapsmeldinga bør språkvaskast.

Dagrun A. Vikesland (SV) fremma endra forslag til vedtak.

Det vart først røysta over kommunedirektøren si innstilling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over endringsforslaget frå Dagrun A. Vikesland (SV):

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt forslag - Endring og tilføyning**

Dagrun Agnes Vikesland (SV)

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Endringsforslaget frå Dagrun A. Vikesland (SV) vart samrøystes vedteke.

FS- 014/26 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Kommunedirektøren si innstilling

Den reviderte eigarskapsmeldinga vert godkjent.

Den reviderte eigarskapsmeldinga blir godkjent med følgjande endring og tilføyningar:

Tilføyning s. 9, pkt. 1, ny setning 3:

Valnemnda har dermed ei avgjerande rolle i utøvinga av Fjord kommune sin eigarskapspolitikk som partia må ta omsyn til ved utnemning av medlemmar til valnemnda.

Endring s. 10: Administrativt vertskommunesamarbeid §28. Endre frå Ålesund og Fjord PPT til Stranda og Fjord PPT.

Tilføyning s. 21: Muritunet AS, nytt avsnitt 2:

Dei største eigarane hadde tidlegare eigne representantar i Muritunet sitt styre. Dette vart endra gjennom ei vedtektsendring for nokre år sidan. Dei tre største eigarane har no kvar sin representant i valkomiteen for Muritunet. Fjord kommune sin representant blir utnemnd av ordføraren. Gjennom denne representanten har kommunen direkte påverknad på styret si samansetning og indirekte påverknad på retninga i selskapet, og representanten i valkomiteen arbeider i nær dialog med ordføraren.

015/26: Fjordhagen AS - Tilbod om kjøp av aksjer

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune legg inn eit bod til SIVA på kjøp av 945 aksjar til kr 34,31 per aksje i Fjordhagen AS.

Formannskapet 26.03.2026:

Behandling:

Saka vart drøfta.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 015/26 Vedtak:**Innstiling til kommunestyret:****Kommunedirektøren si innstilling:**

Fjord kommune legg inn eit bod til SIVA på kjøp av 945 aksjar til kr 34,31 per aksje i Fjordhagen AS.

016/26: Salsløyve for alkoholhaldig drikk frå 16.april 2026 - Storås Handel Norddal AS**Kommunedirektøren si innstilling:**

Storås Handel Norddal AS får innvilga salsløyve for alkoholhaldig drikk inntil 4,7 volumprosent alkoholinnehald ved Storås Handel, frå 16.04.2026. Styrar for salsløyvet skal vere Maria Elen Løvik, f. 26.10.1984, avløyser er Petter Melchior, f. 23.10.1957.

Nye maksimaltider for utsalsstadane i Fjord kommune, jf. k.sak. 061/20: Kl. 08.00 –20.00 på kvardagar og dagen før Kr. Himmelfartsdag Kl. 08.00 –18.00 på dagar før søndagar og heilagdagar. Sal er ikkje tillate på søndagar og heilagdagar, 1. og 17.mai Jf. alkoholloven §3-7, samt Alkoholpolitiske retningslinjer for Fjord kommune pkt. 4.1.

Løyvehavar pliktar å gjere seg kjent med innhaldet i Alkoholpolitiske retningslinjer for Fjord kommune 2025-2028, med særleg vekt på pkt. 8 som omhandlar reaksjonar ved brot på sals- og skjenkevilkår. Kravet til internkontroll må vere oppfylt, jf. alkoholforskrifta §8-3.

Tildelte sals-og skjenkeløyve i Fjord kommune opphøyrer ikkje, og det er ikkje nødvendig å søkje fornying av løyve etter fire år. Det må likevel søkjast på nytt dersom det vert eigarskifte eller ved brot på vilkår som er sett for løyvet.

Formannskapet 26.03.2026:**Behandling:****Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 016/26 Vedtak:**Kommunedirektøren si innstilling:**

Storås Handel Norddal AS får innvilga salsløyve for alkoholhaldig drikk inntil 4,7 volumprosent alkoholinnehald ved Storås Handel, frå 16.04.2026. Styrar for salsløyvet skal vere Maria Elen Løvik, f. 26.10.1984, avløyser er Petter Melchior, f. 23.10.1957.

Nye maksimaltider for utsalsstadane i Fjord kommune, jf. k.sak. 061/20: Kl. 08.00 –20.00 på kvardagar og dagen før Kr. Himmelfartsdag Kl. 08.00 –18.00 på dagar før søndagar og heilagdagar. Sal er ikkje tillate på søndagar og heilagdagar, 1. og 17.mai Jf. alkoholloven §3-7, samt Alkoholpolitiske retningslinjer for Fjord kommune pkt. 4.1.

Løyvehavar pliktar å gjere seg kjent med innhaldet i Alkoholpolitiske retningslinjer for Fjord kommune 2025-2028, med særleg vekt på pkt. 8 som omhandlar reaksjonar ved brot på sals- og skjenkevilkår. Kravet til internkontroll må vere oppfylt, jf. alkoholforskrifta §8-3.

Tildelte sals-og skjenkeløyve i Fjord kommune opphører ikkje, og det er ikkje nødvendig å søkje fornying av løyve etter fire år. Det må likevel søkjast på nytt dersom det vert eigarskifte eller ved brot på vilkår som er sett for løyvet.

017/26: Behandling av klage - Avslag på søknad om dispensasjon - gbnr.6/10 - Haggardshjellen 39

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunen finn ikkje grunnlag for å endre vedtaket av 02.12.2025.
Vedtaket om avslag på dispensasjon vert oppretthalde.

Formannskapet 26.03.2026:

Behandling:

Saka vart drøfta.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 017/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunen finn ikkje grunnlag for å endre vedtaket av 02.12.2025.
Vedtaket om avslag på dispensasjon vert oppretthalde.

018/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Formannskapet 26.03.2026:

Behandling:

Vedlegg 'Vedtak formannskapet høst 2025' tilhøyrande orienterinssak OS 002/26 vart ettersendt på epost onsdag 25.03.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 018/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

019/26: Referatsaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Referatsakene blir tatt til orientering.

Formannskapet 26.03.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 019/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Referatsakene blir tatt til orientering.